

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 29.10.2014
Frå: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Fagdirektør Øystein Torgauten
Saka gjeld: **Risikovurdering 2. tertial 2014**

Styresak 61/14 (B)

Styremøte 06.11.2014

Forslag til vedtak

Styret tek risikorapport med gjennomførte tiltak og risikovurdering per 2. tertial 2014 til etterretning.

Oppsummering

Risiko for alle styringsmål er redusert gjennom systematisk arbeid i andre tertial. Alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast.

Fakta

Det er redusert risiko i 2. tertial på følgjande element;

- 1.4: Produksjon av cytostatika aukar jamt, og produkt-tryggleiken for SAV-produksjon er vurdert akseptabel på bakgrunn av hending ved UNN.
- 2.1: Forretningsmodell som tek omsyn til krav frå ESA er fastsett. Budsjettarbeid, planlegging og førebuing av tiltak er sett i verk.
- 3.2: Kjedekontoret er bemanna. Flytting / sentral styring av aktuelle rutinar er i prosess.
- 3.3: Rekruttering og opplæring er i gang, men faktisk effekt på kapasiteten i AFT tar noko meir tid
- 3.4: På alle apotek har nytt personell blitt lærd opp i ASL, og ressursar er blitt tilførd område ved omplassering
- 4.1: SAV er i rute med å lansere prosessbasert styring av verksemda på dei viktigaste områda til 1.12.14. Arbeidet held fram i 2015.

Kommentar

Status i andre tertial er:

Styringsmål 1 «Tal på skader som kan unngåast i helsetenesta..»

For delmål 1.1 til 1.3 er risiko op same nivå som før. For 1.4 Produksjon av Cytostatika og TPN ser ein at produksjon i aukande grad vert overført frå den einskilde sjukehuspost til apotekproduksjon. SAV sin produksjon er no så stor at rutinar, utstyr og produksjonspersonalet si erfaring og kompetanse samla gir svært god systemtryggleik. Same systemtryggleik vil vere vanskeleg å oppnå ved meir sporadisk produksjon i sjukehus. Risiko knytt til denne produktgruppa er dermed redusert. Som følgje av uheldig hending knytt til produksjon av cytostatika ved sjukehusapotek i ei anna helseregion (Helse Nord), har SAV gjort ei gjennomgang og samanlikning av rutinar i sine 4 produksjonsavdelingar, med spesielt fokus på produksjon utanom normal driftstid. Vurderinga er at SAV har ein fullt ut forsvarleg og trygg produksjon. Samla er risiko for styringsområdet middels høgt (Gul).

Styringsmål 2 «Tilpassing til ESA-krav..»

SAV har gjennomført utgreiing av nye rammer for forretningsmodell og organisasjonsform for publikumsekspedisjonane. Tiltaket blir å skilje publikumsekspedisjonane ut i rekneskapen på resultat og balanse, og leggje til rette skatterekneskap. Samstundes vert det arbeidd med tiltak både i høve til auka sal og i høve til å redusere kostnader/ auke effektivitet for å klare å levere eit resultat i balanse for PUB i 2015. Tilsette sine interesser er ivareteke i arbeidet, og risiko for dette styringsmålet er redusert til låg (Grøn).

Styringsmål 3 «SAV har kompetanse og kapasitet som er naudsynt..»

Det er gjort tiltak på alle fire delmål. Kompetanse på endringsleiing er auka som del av prosjekt «Verksemdsstyring i SAV) og kjedekontoret er bemanna og i drift. SAV har betre evne til å levere tenester som vert etterspurd, men vil fortsatt ha behov for auka kapasiteten på området. Risiko for styringsmålet er middels høg (Gul).

Styringsmål 4: «SAV har kvalitet i alle prosessar»

Prosjektet «Verksemdsstyring i SAV» har auka tempo frå juli. Kvalitet på modellerte prosessar er god, og det er oppnådd samordning og utnytting av «best practice» mellom apoteka. Progresjonen er noko lågare enn planlagt, og ein årsak er at nøkkelpersonar har vore engasjert i anna krevjande arbeid parallelt med dette. Kompetanse på både prosess- og prosjektstyring er bygd opp.

Det er gjort viktige endringar i ansvar og oppgåver som del av prosjektarbeidet. Til dømes har fagkompetansen på logistikk fått ei rolle med meir tydeleg ansvar enn før i sjukehusekspedisjonane, og vil med det gje grunnlag for auka effektivitet. Risiko for styringsmålet er redusert til middels høg (Gul).

Nye risikomoment:

SAV vurderer laupande om ny risiko oppstår og treng handsaming. Det er ikkje tatt inn nye risikomoment i 2. tertial.

Konklusjon

Det har vært arbeidd systematisk med risikoredusering så langt i år, og SAV har gjennom dette eit handterleg risikobilete.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Risikomatrise T2 2014